



Bømlo sokneråd – Møtereferat 03-2024

Stad:	Bømlo kyrkje	Dato: 21.02.24
Frammøtte:	Svanhild Vespestad, Trygve Totland, Anja Beate Skullerud, Anna Lovise Olsen, Haldis Kristin Hovland	
Referent:	Anja-Beate Skullerud	

Saksliste:

Sak 01 – 03 - 2024 Godkjenning av sakliste og innkalling til møte

Godkjend

Sak 02 – 03 - 2024 Godkjenning av referat.

Referat ikkje godkjent då dette enno ikkje er motteke. Referatet må sendast ut seinast saman med innkalling til neste møte.

Sak 03 – 03 - 2024 Endringar i møteplan m.v.

Kommentar til endra møteplan: Endra dag og dato stemmer ikkje overeins.

Dei korrekte dagane er:

- Møte nr 4: torsdag 14.03.24
- Møte nr 5: onsdag 24.04.24
- Møte nr 6: torsdag 23.05.24
- Møte nr 7: onsdag 21.08.24

Sak 04 – 03 - 2024 Årsmeldingar, rekneskap og årsmøte for 2023

Soknerådet såg gjennom dei utkasta til årsmeldingar som var klare til møtet og fann at følgjande var ok:

- Årsmelding frå soknepresten
- Årsmelding frå kyrkjekoret
- Årsmelding frå diakoniutvalet
- Årsmelding frå Estlandskomiteen

- Rekneskap



- Årsmelding frå soknerådet er under utarbeiding, leiar og kasserer har hand om dette.
- Årsmelding frå trusopplæringsutval var ikkje klar til møtet. Anja-Beate kontaktar Sissel Gåsland ang. denne.
- Kantor var ikkje til stades på møtet. Ei meir fullstendig årsmelding for kyrkjemusikalsk arbeid kjem før årsmøtet.

Dato for årsmøtet er 10.mars.

Sak 05 – 03 – 2024 Budsjett for 2024

Forslag til budsjett vart gjennomgått, og soknerådet kom fram til eit omforent forslag.

Sak 06 – 03 -2024 Eventuelt

- Fasteaksjonen 2024: Gorm Eidesvik har sagt ja til å ha hovudansvar for fasteaksjonen, Anna Lovise Olsen er med på denne.

- Svanhild orienterte om felles møte mellom kyrkjevevje og soknerådsleiar/nestleiar for alle 4 sokn med særskilt fokus på den økonomiske situasjonen i fellesrådet og korleis ein kan få til betre samarbeid mellom sokna. Referatet frå dette møtet vert sendt til medlemmene i soknerådet når det er klart.

- Utviding av parkeringsplassen ved kyrkja må setjast opp som eiga sak i eit seinare møte.

- Etter inspirasjon frå Lykling sokneråd er det ynskje om å setje opp eit årshjul som inneheld alle aktivitetar som går føre seg i kyrkja. Dette kan også leggjast ut på Bømlo kyrkje si Facebookside.

- Invitasjon til 50-årskonfirmantane. Svanhild tek dette opp med Rolf Magne og får tilsendt liste frå kyrkjekontoret.